

Ressursgruppe for born og unge



Utarbeida 16/01 2025





I Sande kommune arbeider vi etter **BTS - Betre Tverrfagleg Samhandling**. Dette gjer vi for å sikre at alle born og unge skal få den hjelpa dei treng.

Bakgrunn

Alle born og unge i Sande kommune skal ha gode vilkår for vekst og utvikling i barnehage, skule, heim og fritid. Kommunen sine hjelpetenester skal sørge for at born, unge og familiar får hjelp til å meistre utfordringane sine. Sande kommune skal tilby heilskaplege og samordna tenester til born og unge med særskilte behov.

Kommunane er pålagde ved lov å samordne tenestetilbodet på tvers av etatane og tenesteområda. Vi skal samarbeide, og BTS er såleis eit rammeverk for å samordne og strukturere denne samhandlinga.

Målsetjing for ressursgruppa

Ressursgruppa skal vere «navet» i det tverrfaglege samarbeidet i kommunen knytt til barn og unge. Gjennom erfaringsdeling og kunnskapsdeling ha oversikt og kunnskap om situasjonen i kommunen, og felles forståing for utfordringar. Ressursgruppa skal vere pådrivar for at tiltak vert sett i gong.

Ressursgruppa sitt ansvar

Ansvaret til ressursgruppa er å ta opp saker som kjem til gruppa og vurdere om dei skal behandlast, eller eventuelt avklare og melde tilbake dersom sakene ikkje vert tekne opp. Vidare har gruppa ansvar for å halde organisasjonen oppdatert om sitt arbeids, slik at det er god informasjonsflyt og oversikt over aktivitetane. Gruppa har også eit ansvar for å fylgje opp prosjekt og arbeids som er lagt til dei, og for å sikre framdrift i oppgåver og tiltak som gruppa har initiert. Gjennom dette bidreg ressursgruppa til eit samordna og målretta arbeid på tvers av tenestene i kommunen.

Korleis arbeider ressursgruppa

Ressursgruppa drøftar problemstillingar som gjeld born og unge med ein tverrfagleg innfallsvinkel på overordna nivå. Ressursgruppa skal arbeide for utvikling og samordning av det tverrfaglege arbeidet rundt born og unge, og sikre eit heilskapleg tenestetilbod.

Ressursgruppa tek i mot, drøftar, planlegg, delegerer og følger opp planlagt arbeid. Saker på systemnivå vert meldt inn skriftleg av representantar. Det vert ikkje drøfta individsaker. Ressursgruppa har mandat til å delegere oppgåver til medlemmane og til andre tilsette i kommuneorganisasjonen gjennom eit oppdragsbrev. Gruppa kan opprette arbeidsgrupper. Større ressurskrevjande oppdrag skal godkjennast av aktuelle kommunalsjefar i høve personalbruk og eventuelle andre kostnader.

Samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggende tiltak (SLT), folkehelsesatsing inn mot barn og unge og eventuelle andre forebyggende satsingar inn mot barn, unge eller familiar skal knytast til ressursgruppa.

Den tverrfagleg gruppa har faste møter ut frå ein årleg møteplan. Møta skal prioriterast av medlemmane. Alle har ansvar for å melde opp tema og bidra med sin kunnskap inn i mot det tverrfaglege arbeidet med born og unge.

Forankring i organisasjonen

Ressursgruppa syte for å halde organisasjonen oppdatert om sitt arbeid gjennom å sende ut nyhendebrev når det er hensiktsmessig, men minst to gongar i året. Gruppa arbeidar etter eit eige årshjul som inkludera faste saker – og dette bidreg til struktur og føreseielegheit i arbeidet.

I Sande kommune skal alle møte på ulike nivå ha eit fast punkt på sakslista der saker kan vurderast for vidare behandling i ressursgruppa. Dette skal sikre at gruppa er godt informert og kan ta tak i relevante utfordringar på tvers av tenesteområda.

Kommunedirektøren si leiargruppa gir ressursgruppa signal om kva som bør prioriterast i løpet av året, slik at arbeidet er godt forankra i overordna mål, planverk og prioriteringar for kommunen. Dette bidreg til at ressursgruppa sit arbeid vert målretta og relevant.

Samansetning av ressursgruppa

Det er viktig at den ikkje er for stor men den må samtidig vere brei nok til å stette målsetjinga for ressursgruppa. Det at det kan opprettast undergrupper med medlemmar i og utanfor gruppa vil sikre medverknad i arbeidet til gruppa. I einskildsaker kan andre inviterast inn i ressursgruppa.

Ressursgruppa vel sin eigen leiar og val av leiar skal opp som sak kvart andre år.

Ressursgruppa skal ha slik samansetning:

Ein rektor	Ein styrar
Kommunalsjef for oppvekst og kultur	Kommunalsjef for helse og omsorg
PPT-leiar	SLT-koordinator
Leiar for helse og koordinerande eining	Leiande helsesjukepleiar
Kommunepsykolog	Leiar barnevern
Politi	